



Hardanger



Hardanger  
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

### Møtereferat

## Hardanger og Voss Ungdomsråd tysdag 15.03.2021. Digitalt

#### Til stades:

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Eusebiu Amanalachioai
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Sander Eide Aase
Eid fjord kommune	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Øyvind Fleten
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Emilie Ribesen Skjærvoold
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Phillip L. Tandberg

#### Ikkje møtt:

Eid fjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatun Hole
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Emma Tveit

#### Kontaktpersonar:

Ullensvang kommune	Vibeke Lynghamar
Kvam herad	Kari W. Vik
Voss herad	Eivind Lorentzen Djønne
Hardangerrådet	Trude Lægreid Rinaldo

#### SAKLISTE:

##### HU-sak 13/21      **Saker melde inn ved møtestart.**

Phillip informerer på vegne av arbeidsgruppa om Gaiming Turnering som HU skal arrangera denne våren.

##### HU-sak 14/21      **Nytt digitalt føredrag "rett til klassen din" i 2021!**

Piateed /Maria Stavang har takka ja.

På grunn av Stortingavalg denne veka og fagdagar på dei fleste vgs på fredagar, satsar me på **torsdag 16.09.21**.

#### Arbeidsliste:

- Avtala endeleg dato med Maria Stavang
- Forespørsel til Voss lyd om streaming
- Forfatta og senda forespørsel til alle skulane
- Laga plakat og planlegga deling på sosiale medier

##### HU-sak 15/21      **Planlegging Hardanger Ungdomsting 2. juni - HYBRID**

Dato: 02.06.2021

Tidspunkt: 0900-1400

Stad: HYBRID

- Alle ungdområda møtest i eigen kommune med ordførar på storskjerm.
- Dei ulike ungdområda møtest digitalt til felles Hardanger Ungdomsting.
- Innleiarane møter digitalt eller på ein av møtene.

## Tema: **Framtida til ungdom i Hardanger**

2 bolkar med utgangspunkt i allereie avtalt tema og kven me vil invitera.

### 1. **Attraktivt å bu:** Innleiing ved Statsminister/Distriktsminister

- a. Kva må til
- b. Nei til Sentralisering
- c. Kollektivtilbod
- d. Politisk kvarter

### 2. **Entreprenørskap-** Innleiing ved bedrifter i Hardanger

- a. Jobbmogleigheter
- b. Utdanning/Kompetanse
- c. Korleis halda på ungdommen?
- d. Politisk kvarter

Trude set opp eit forslag til brev /invitasjon til innleiarar og gjester.

Alle tek del i arbeid imellom rådsmøtene på mail for å godkjenna program og brev/invitasjon til utsending.

## **HU-sak 16/21 Vedtekten til Hardanger og Voss ungdomsråd.**

Rådet diskuterte saka og gjekk gjennom nokre tenkte forslag til endringar.

Viktige hensyn å ta når ein oppdaterer vedtekten med å gi rom for utviding er:

- Skal det vera begrensningar?
- Naturleg med avgrensing til dei kommunane Hardanger grensar til .
- Invitasjon kun til ungdomsråd som ikkje er del av andre regionråd.
- Dette kan då gjelda ungdomsråd i desse kommunane: Voss, Vaksdal og Samnanger.

**Arbeidsoppgåve:** Sander lagar forslag til nye vedtekter til neste møte.

## **HU-sak 17/21 Nye medlemmer i Hardanger og Voss ungdomsråd.**

**Vedtak:** HU sender ut formell invitasjon til Voss herad ved ordførar, med kopi til rådmann og ungdomsrådet og spør om Voss ungdomsråd vil vera medlem i Hardanger og Voss ungdomsråd også etter utmeldinga frå Hardangerrådet. I brevet viser ein til vedtak gjort i Hardanger Ungdomsråd og Hardangerrådet om endring i vedtekten som tillet Voss ungdomsråd å fortsatt vera medlem i Hardanger ungdomsråd etter at Voss herad har meldt seg ut av Hardangerrådet.

## **HU-sak 18/21 Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd.**

Det har vore liten aktivitet sidan sist møte i Hardanger og Voss ungdomsråd. På Voss har dei vore med å diskutera sentralisering av barnehagar i ein så stor kommune som Voss er. I Kvam skal dei ha ungdomsrådsmøte i morgen med mange interessante saker.

## **Gaming turnering for ungdom i Hardanger og Voss.**

Phillip informerte frå arbeidsgruppa som planlegg på vegne av Hardanger og Voss ungdomsråd. Me har hatt to arbeidsmøter, sist mandag 8.3.2021, der også Kinsarvik breiband deltok. Dei har mykje kunnskap og har både informert og anbefalt oss korleis me best kan gjennomføra ei slik turnering på nett.

Praktisk er både plakat og på meldingsskjema klart. Dato er ikkje bestemt.

Det er teknologien me må verta trygge på og førebu oss godt, for å kunna gjennomføra best mogleg. Me glede oss!